D
00034

II

# DAGBOK

ført av

Odmund Aambakk

fra 16/11.1930 til 27/5.1931.

Østgrönland

No 2

November

Sundag 16/11 1930

Fint ver. Gjekk fraa Lavågja kl 9 og kom til Jostein kl 15 1/2 ingen fangst idag heller ikkje eit fersk rave-spor ein gang Eg har tolv redskap aa sjaa etter, for eg ikkje rør paa dei, daa forstend eg det ikkje lenger, korleis eg skal bera meg aat,

Maandag 17/11

Fint ver. Gjekk fraa Jostein kl 8 og kom til Antarktisk hamn kl 13 1/2 ingen fangst idag heller Karlsbakk har venta paa meg sidan laurdag han tykte at det tok til aa drage seg for eg kom att, det er idag tolv dage sidan eg gjekk. Han hadde vore i terrenget i forige veke, men ikkje fangst. elles er alt som det gamle 16÷° ikveld.

05yy00973

Tysdag 18/11 —

Overskyet ÷ 20° Her fordrive-tidi med kniv-industri idag. Karlsbakk her vore kokk Me her jamnare temperatur no sidan soli gjekk ned ingen for-skjel paa dag og natt i dagane korleis det er ikkje skjikkeleg ljost for det tek til aa myrkna igjen, men tiden gjeng merkeleg fort, og snart her me sol-vending og lengre dagar

Onsdag 19/11 —

Over-klaar ÷ 15° Her vore kokk idag Etter middag var eg ein tur tirst i tindenbukta og saag etter ei fell som eg ikkje her sett etter paa laang tid, og jammen fekk eg ein rev og det ein blaa ogso, og glad vart eg, for det er laangt millom draumane Karlsbakk gjekk i terrenget idag, han



vert vel burte ein tor tre dagar, ikveld her eg vore kniv-maker

Torsdag 20/11 —

Klaar og kald ÷ 26° Her baka-brød hogt ved og flaat raven som eg fekk igaar, eit og anna er det aa gjera istadt er det ein dag at ein tykkjer det byrja uppmed arbeid, so her me altid ein ov-broten hosehæl til aa stoppa. det laga seg likso velsigna myrkji av det slaga ikveld her eg arbeidt paa ein kamb av muskusk-horn som me skal bruke til aa kjemba rave skinna med han er ikkje heilt ferdig endaa men i morgon er det atter ein dag og daa skal han verta det.

Fredag 21/11 —

Same veret idag som igaar ÷ 24°. Karlsbakk kom idat idag

fangsten var tvo rava. Eg har vore kokk

Laurdag 22/11

Over-skyet ingen vind ÷14° Har vore kokk og so skrapa eg aturnen av blaa-rev-skinnet, det var eit fin-fint skin, verd sine seks eller sju hundrede kroner. Karlsbakk har arbeidt ei tuke for glaset. Naar det tek til aa mørkna er det heime-industri me pjaska med

Sundag 23/11

Over-skyet ÷19 Var ein tur fram over melan og saag etter nemmaste follene, Karlsbakk har vore kokk elles har me halde oss rolig. Klaarna av mot kvelden

Maandag 24/11

Frisk N.V. og snøkave ÷11° Me har vore i heima-terrenget idag. eg fekk ein blaa-rev Karlsbakk gjekk klar, elles har eg vore kokk



Tysdag 25/11

Snø-kave ingen vind ÷10° Eg var inn paa tømmerbukta etter et vedlass etter middag var eg ein tur burt i Trolldalen og saag etter eit par folle som eg har der, men ingen fangst idag. Karlsbakk har vore kokk

Onsdag 26/11

Snøstorm fraa N. tok av leid utpaa dagen ÷8° har vore kokk upraant har eg skrapa eit rev-skin og aturnert det, Karlsbakk har skrapa tvo rave-skin ellest er det heime-industri me pjaska med Eg hadde tenkt meg ut i terrenget idag, men for øyeblikke ser det ut for at eg fær vente ei stund

Tørsdag 27/11 — 1930

Stjerne klaar og vindstille
no, før paa dagen litt snø og froströyk
÷22° I morgon skal eg i terrenget
her forandra litt bindingane paa skien
min slik at eg faar bruke komaker
istaden for skor, og surka paa sleden
alt som eg skal ha med, vil vone
at fangsten vert betre enn sist eg
var ute. Karlsbakk var ein tur
utpaa Lave-neset og saag etter nokre
folle, men ikkje fangst, kokk her kan
ogso vore

Fredag 28/11 —

Over-skyet men bra ver
Eg gjekk paa Antarktiske. kl 9
kom til Jotheim kl 15 ingen fangst
hittil. eg saag eit fegst reve-spor
det var alt. men her er no tiv denne
gangen tikersel Snøen er dito



lausen blisen so det var tungt
aa kama fraa for hundane, serleg
lett var det ikkje paa ski heller
men eg kom no fram, hadde eg frost
ein snov so ha det gaat bettare
sjolvsagt, for det virka som god ski
smørning.

Laurdag 29/11 —

Eg var paa veg til Lavnyse
men flekk snø-kave og mattle
snø. og det var det ... beste
eg her gjort for det her ikkje vore
uppehald sidan kaven kom, Leid
over middag tok det til aa blaasa
og auka paa heile kvi til dette, sonn
er det storm fraa N. V. Vil vone
at veret betrar seg til i morgon
ellest so er det ikkje noko som stendpaa
eg har det baade varmt og godt
og proviant for tre fire dagar

November

Sundag 30/11 1930

Snöikave idag ogso, men meir vestleg med vinden og svakere Det var ikkje til aa tenkja paa aa gaa idag heller, so no er det andre dagen eg hev nört han av her paa Jøsheim Og fordelt vere det aa koma seg her ifraa for det er ikkje noko lite snö som her lagt ned desse fire siste dagane Og eg som skulde vera paa Lavöyra fredag etter avtale med Röbekk og i statistisk kamm idag for aa faa fangsten i November istaden for Desember som det no vert i tilfelle eg for noko Og ogso telegrammene som Röbekk skulde ta med mand yver denne gongen vert ogso forseinka so det var pokkeren til greie at dette uveret skulde koma akurat no. Men det er no veksande maane so det er no ei von at det gjev seg snart

Desember

Maandag 1/12 1930

Vestavind og snöikave det tek til aa verta langsamt no veret ser ikkje ut til at det vil gje seg sobnart, og no er eg fri for tunnde mat so i morgon starta eg heim at til hovedstasjonen sidan veret er aldri so daarleg. Og tror det gjet seg köyre eg til Lavöyra tundane faar greie seg utan mat eit par dagar. Fri for lesestoff er eg so eg hev ingen ting til aa ta meg til med og tidi gjeng so sjygjeleg seint. Idag hev eg repetert alle dei songa og visestubba som eg hev uppi denne tronge skolta min, det gjekk nokkre timar til det heldigvis

Tysdag 2/12

Veret laag Bra ut idag — tidleg saag allfall himmelen i aust

difor starta eg til Lavöyra, men det var so mykje snö at eg laut stoppe av og til og vente kundane so det gjekk nokkso seint. Eg hadde gaat ein tredje part av vegen daa kom kaven at verre enn nokon sinne og ikkje vind so eg hadde ingen ting aa retta meg etter, i midler tid forsette eg ei stund likevel, men det gjekk ikkje lange för eg updaga at det var berre arbeide sec utpaa. I det öyeblikk vart eg var ein bergknaus uppi landet og begynde aa gaa paa kanom og kom meg uppi land med det same kaven kom at eg kjende meg heldigvis at det var bratthamringen paa Mastervik paa austsida og daa var kl 14 eg hadde daa tumle um kring i fire og ein halv time paa eit stykke som i godt före og ver bruka ein time. Det tok no til aa mykna eg snudde difor



tilbake til Jostein, men det vart tyngste taket til slutt. Kl 19½ kom eg til Jostein og daa var eg baade klöyt og sliten og glad vart eg daa eg fann kveld og no skal sömnen smake godt. Maten tok til aa minka i morgon tygt eg forsettje til Moredstasjonen soframt det er muleg.

Onsdag 3/12

Fint ver idag. Eg kom til Moredstasjonen kl 17 etter ein mars paa otte timar alle mine reidskap var med söva derfor ingen fangst. Paa Morestasjonen er alt med det gamle berre mykje snö ÷ 20° i kveld idag tidlegare var det ÷ 7°

Torsdag 4/12

Snö-kave ÷ 14° Me her skjaska med til heime-industri idag Karlsbakk her vom kokk. Ebbes gjeng me berre og önskje at det skal

bli vind so snöen fyk-vekk, her er so mykje lause snö no at vert det meir lyt me bruka ski for aa koma oss solangt ifraa huset at me faar gjera vaart formida

Fredag 5/12 —

Over-skyet ÷17° Ikkje noko til vind idag heller, her vore kokk og Karlsbakk har gjort seg med kjemmelast til maane skin ikveld.

Laurdag 6/12 —

Over-skyet. N.V. vind ÷10°

Her baka-bröd og vore kokk idag, vil vona at vinden auka til storm so snöen fyk pokkeren ivekk.

Sundag 7/12 —

N.V. leg vind lit snö ut-paa dagen ÷12° Her helligholdt kvile-dagen ellers alt med det gamle



Maandag 8/12 1920

Vind fraa nord og snökave ÷8° Her vore kokk Karlsbakk var ein tur utfyra Lave-neset. Det tek tid aa verta kiste dagane no, me ser nesten ikkje forskjel paa dag og natt, lampen brenn heile dagane, det har haar for-esten gjort svart i fjorten dage.

Tyrsdag 9/12 —

Vekslande vind og snökave ÷4°

Han har vist tenkt og setja oss paa prive skikkeleg, for det hadde blise sopass no at det var komande baade hit og dit, men ikveld har det teke til aa snöa stivare og verre. So no er eg ikkje med lenger Karlsbakk har vore kokk, eg har püsla med ei bein slire

Onsdag 10/12 1920

Snø-kave ingen vind ÷5° Her vore kokk og Karlsbakk har pyssla med heime-industri elles alt med det gamle.

Torsdag 11/12 —

Fint-ver idag ÷24° Det er berre somyke laus snø at det er ikkje raad aagaa i terrenge vil vone at det bli vind med det fyrste Karlsbakk var ein sving ingaa malane og saag etter spuur han hadde set berre spor, og her set etter nokkre tim-folle det er alt fr so nokke og koko snø ut dav kunde høyra

Fredag 12/12 —

Frost-røyk ÷9° Leid utpaa dagen vart det Storm fraa N.V. og snø-fok, her vore kokk og Karlsbakk



var inpaa tømmer-bukta etter eit vidalass Ikveld har eg vaska lit kla, me har hatt det so godt i vatn hit til det har berre vore og hetta paa luka i golvet, men no vart det plusseleg slutt lyt difor tine snø no, og det tek baade tid og arbeid

Laurdag 13/12 —

Snøstorm fraa N. ÷5°

Her pussla lit med heime industri idag. Karlsbakk har baka brød og vore kokk. Me har spilt lit grammofon ikveld

Sundag 14/12 —

Snøkave ÷1½° her vore kokk elles har me teke verdi med ro lese lit og spilt lit det er alt me har gjort idag

Desember

Mandag 15/12

Snökjukkne ÷ 4° Karlsbak her vore kokk idag ellers endelt ingen forandring den eine dagen gjeng som den andre. Den som er kokk er uppe kl 9 og koka kaffi og um kvelden er me i köya kl 10 (22)

Tysdag 16/12

Snökjukkne ÷ 3° leid uppå dagen snökave her vore kokk Karlsbak var ein sving ut på Lauenesets mest parten av reidskapsi var nere snöa. Ikkje spor av noko slags vilt var aa spor, og snöen veks for kvar dag alt med det gamle. ellers

Onsdag 17/12

Lit snö og termometeret stend paa 0° idag. skulde ynskje at det kom regn so snöen sakk ihop ein grand. Karlsbak her vore Kokk,

Desember

Torsdag 18/12 – 1930

Snökave og ender og ei vindbyger + 1° her vore kokk alt med det gamle ellers

Fredag 19/12

Vekslande vind ÷ 1° og snökave Karlsbakk her vore kokk, snöen auka for kvar dag det er ogso den einaste forandring

Laurdag 20/12

Snökjukkne vindstille ÷ 8° Ikveld ser me lit av himmelen, det er lenge sidan det var sopass klaart. her vore kokk, ellers alt med det gamle.

Sundag 21/12

Snökjukkne vindstille ÷ 11° Karlsbak her vore kokk, Ingen forandring i einsemdi berre at Julen nermer seg fort, imorgan ser me Solvending heldigvis

Desember

Maandag 22/12

Overskyet ÷14° her vore kokk Karlsbak har gjeska med kinne-inkästi Veret er i betring hadde det no berre vorte vind so snøen minka lit, me kjem oss ikkji lenenge som det no er men vil venat det retta seg snart

Tysdag 23/12

Klaar ver ÷23° ikveld, før paa dagen var det ÷30° Karlsbakk har vore kokk. eg var ein tur inpaa timber-bukta etter jule ved Me hadde tenkt oss Nord til Sulebakk og Røbekk av drikke jul men det er so mykje snø at det er ikkji an tenkja paa endaa.

Onsdag 24/12

Klaart fint ver ÷28°

Ja det er jule aften ikveld eg

Desember

skulde ynskje eg kunne ta ein tur heim for det snare, men nei det let seg nokk ikkji gjere, men tankane er der rett som det er og ikkji mearst ikveld Eg har vore kokk idag baka bröd vaska og stelt so godt stova vor som det kan let seg gjere, det er berre julete som mangla paa at det er fullstendikt men me er fornöyde med gjölekvelden som han er likevel, vil vone dei er det dei som er heime ogso, til slutt ei gledeleg jol til dei der heime

1ste Juledag Torsdag 25/12 1930

Skyeri klaar himmel svak V. vind ÷20° Me har kosa oss med lit hermetisk frukt og nytt lese stoff Me hadde kotteletter til middag med ein dram attaat elles har dagen sniglar seg avstedd som dagan flest her paa Grönland.

Desember

2 dre joledag Fredag 26/12 — 1920
Fint ver ÷ 26° kar vore kokk elles er alt med det gamle Nyjmaanen krabba seg over fjelltoppen for fyrste gong ikveld

Laurdag 27/12 —
Fint ver ÷ 29° Karlsbak har vore kokk, eg var ein tur baade i Trolldalen, men det er ingen ting gjere ute i terrenge for alle reksteinar er ned snia, eg saag ikkje revespor. men eg saag daa hare og röyskatt spor. vil vona at det kjem vind med det fyrste

Sundag 28/12 —
Fint ver ÷ 30° har vore kokk elles alt med det gamle

Maandag 29/12 —
Fint ver ÷ 31½° Karlsbak har vore kokk Eg var uppe ant nermaste folla idag. daa kom eg fram paa eit revespor

Desember

det er det einaste revespor me har set paa over ein maanad

Tysdag 30/12 —
Fint ver vore altfor kaldt det er ÷ 35° idag har vore kokk. Karlsbakk har kjøpt heim eit rekved lass leit etter middag var han ein tur utpaa Laveneset, men paa den turen forfraus han tver taer so no lyt han halde seg roleg nokkre dagar tenker eg

Onsdag Nyaarsaft 31/12 1920
Same veret idag som igaar ÷ 35° har vore kokk idag og so karlsbak fekk seg ei vaakenatt med ein svær verk i taerne som han forfraus ikveld er dei betre so det verste er vist attanfor. Ja det vart eit strabetes ver etter alt snöen hadde han no velsigna oss med lit vind ein av fyrste dagane ided det nye aaret. Godt nyttaar

Januar

Nytaarsdag Torsdag 1/1 1921

Fint ver ÷ 35° her vore kokk Karlsbakk er bra idag men han tyst dalde seg iro lengje endaa. ellers alt med det gamle.

Fredag 2/1 1921

Veiret det same ÷ 27° vil vore at temperaturen gjeng ned litt til so skal ikkje kerringet vende lenger fra meg, det er so godt lit meane skin no at ein kan likso godt gaa i terrenge um natti som um dagen, hadde det ikkje vore for siden sin det so skadde me vore der for lenge sidan Karlsbak kjem seg litt for kvar dag ellers alt med det gamle.

Laurdag 3/1

Veiret som før ÷ 33° Karlsbak har vore kokk ellers alt med det gamle.

Januar

Sundag 4/1 1921

Ikkje heilt skyfri himmel idag ÷ 35°. Karlsbakk har vore kokk. Eg har faat ein tanbyll som verker mein ein besett, ifall det ikkje gjeng hol paa han med det fyrste skal eg hjelpe han til.

Maandag 5/1

Over-skyjet ÷ 25° Karlsbakk har vore kokk og baka brød Eg har helde køyja for det meste. Tanbyllen her vesna hittaa og skulde prøva aa setja hol idag, men det var so vondt at eg greidde det ikkje og verkje gjer han so infamt. So det veit vel ei vaakenatt til

Tyrsdag 6/1

Svak vekslande vind ÷ 14° Karlsbakk er kokk. tandbyllen har hovna so djevlikt upp idag og nasen er koma nesten mit bijrt paa ansiktet kva tid det gjeng hol det veit fanden og ikkje eg

Onsdag 7/1 1931

Delvis overskyet ÷ 26° Karlsbakk er kokk. med meg er det som før ingen forandring til det betre ialfall

Torsdag 8/1 ———

Over klaar ÷ 35° Karlsbakk hev vore kokk. Eg hev riksa uppe idag men med tandbyllen er det, det same kan kruttna berre meir for kvar dag. Karlsbak hev syt seg eit par lugga som han skal bruke i komagane i staden for sin

Fredag 9/1 ———

Overklaar ÷ 35°. Karlsbak hev vore kokk Idag hev sote fram for skruten paa kaffikjelen og dampa tandbyllen det hev hjelp ein heil del, han er nesten ned at svana no, vil vona at det gjeng bet paa han snart Imorgon tek eg at koke dagen min



Laurdag 10/1 1931.

Over klaar ÷ 28° fyre middag var det ÷ 35° Eg hev vore kokk idag Karlsbakk var inpaa Timber bukta etter eit lass ved Tandbyllen hev svana betydelig idag og um nokkre dagar er eg heilt god at

Sundag 11/1 ———

Veiret det same ÷ 25° før paa dagen ÷ 35°. Karlsbakk hev vore kokk. Det gjeng rette vegen med tanbyllen, men seint.

Maandag 12/1 ———

Fint ver ÷ 26° tidligere paa dagen hev temperaturen vore lagare ÷ 22° og der um kring Lit skyj hev det vore i vest dei tvo siste dagane og ikveld mest. Hev vore kokk. Karlsbakk hev vore ute og frost kva foten teler av frost. han er ikkje bra endaa. Tannbyllen kjem seg lit um senn

Tirsdag 13/1 1931

Overskyet ikveld ÷ 21° Karlsbak hev vore kokk. Eg var ein tur utpaa Nordneset det ser ikkje verre ut med føri no ifall veret held seg skal eg i terrenge med det fyrste. eg fekk ein kvit rev utpaa nesa. det er no halvannen maane sidan sist me fekk rev.

Onsdag 14/1

N O leg vind ÷ 30° for paa dagen hev han vore ÷ 20°. Slev vore kokk og baka bröd Karlsbakk hev pjaska med sit heim-indústri

Torsdag 15/1

Klaar ver ÷ 37° ikveld ÷ 35° Eg hev pjaska med sit heim-idústri. Karlsbakk var ein tur og saag etter nermaste follene sine og kokk hev han vore. ellers alt med det gamle.



Fredag 16/1 1931

Samverleg ÷ 43° ikveld for paa dagen hev det vore kaldere, men termometeren maaler ikkje lenger enn ned til ÷ 45° so me er like vise kor kalt det er naar han gaar over det. men eg er sikker paa at temperaturen hev vore ÷ 50° idag Eg hev skrapa nokre skinn og alminnert det og so hev eg vore kokk Karlsbak hev pjaska med heimindústri

Laurdag 17/1

Han slo sit paa lykka idag det er ikkje so bitande kalt som det hev vore desse siste dagane termometeren gjekk i mola idag so no er me likevise. og det same kan det vere. me lyt no pjaske her um det bli aldri so kaldt. Karlsbak hev vore kokk. ellers alt med det gamle.

Sundag 18/1 1931

Over-skyjet mildt ver. Han vore kokk. Me hev elles helligholdt kviledagen paa det strengaste, med bromansvist og kabaler.

Maandag 19/1 1931

Klaar-ver ingen vind. Karlsbak hev vore kokk. Eg hev gjort meg klar til aa köyre i terrenget i morgon. Tannböylen er heilt god at no heldigvis, vil vona at det ikkj vert snö-kave liksom sist eg var ute.

Tysdag 20/1

Fint ver men bitande kaldt det var so vidt eg greidde det for føterne, eg gjekk fraa hovedstasjonen kl. 9½ kom til Jostein kl. 15½ Det var bra före sonar som der hev siste kom daa vart det djup laus-snö og tungt aa gaa. Det hadde gaat ei



snöfonn der som laus-snöen tok til eg hadde gräve med tvo folle for meg og gaat tvo hundrade meter burt yver isen, eg hadde fatt god fart men so er der no bakke til aa faa fart av og. Dei andre reidskap var ogso med snöa. ingen ver.

Onsdag 21/1 1931

Fint ver passeleg kaldt. Eg var vest til austre brattnæringen til Masters-vik, men alle reidskap var snöa bolo styppar som eg hadde paa denne distansa, Snudde difor attende til Jostein. I morgon skal eg gaa beinvegen til Lavöyra. Föri er aldeles meiningslaust so det er tvilsomt um eg greide aa gaa det sovidan det er dag men eg lyt gjera ein freistnad sidan eg er ute komen. Ikkj eit spor aa sjaa av noko livande vesen. det ser ut for at eg kaar gjennom aaleine

Torsdag 22/1 - 1931

Over-skyjet laber-vind fraa Vest
Eg gjekk fraa Yoskim Kl 9 og kam til Lavöjna Kl 15 Tösi var daarleg til dess eg var komen rett ufor Mastersvik, men daa vart ho bra resten av vegen. Eg saag fire müsküss paa vestsidoa aat Master-vik men dei var laankt ifraa sjöen, men det far ikkje hjelpe, me er fri for kunde-mat so imorgon fyt eg avstad og skyte dei, det vert uvanleg langt aa transpor-tere det, men det finst ingja raad for det. Det er betre aa ha ein fugl i handi enn ti paa taket. Eg vill stoppe eit par dage her paa Lavöjna, for aa faa orden paa redskapi mine, dei er nemleg nede snöa her ogso. Ikveld er det Küling fraa vest vil vone det ikkje vert storm so eg vert nöydde til aa halda meg i hus i morgon endaa eg veit ikkje kva som er det beste det trangdes at det vart ein reslige storm som feia vekk noko av alle denne lause snöen



Fredag 23/1 1931

Küling fraa vest. Eg tykte det var ikkje ver aa skyta müsküse i dag her dijor gaatt rundt Askers-öyane og greive fram at redskapi mine. Sumt fann eg og sumt ikkje. Vil vone at vinden spakna til fis i morgon so eg far leite uppe müsküssane og skyte dei elles so vert eg mata beus ifall eg vert liggande her i fleire dage.

Laurdag 24/1

Klaart fint ver middels kulde og ingen vind Eg var inni Masters-vikk idag, müsküssane fann eg paa same plassen som eg saag dei den dagen eg kam til (Torsdag) seks dyr i det heile fire gamle og tvo ungre Det gjekk godt med skytinga. Eg brukte fire tima til aa flaa dei, men daa var det ogso myrkt. Det er eit bra arbeid aa flaa seks müsküss for ein mann. dei er so tunge at slik

som dei dett naar ein skyt dei slik
lyt dei ligg for ein mann vinn
so lite med dei. I morgon skal eg
köyre kjötet ned paa landkallen
og naar det er gjort köyre eg vidare
til Jostein ifall eg greide det paa
ein dag.

Sundag 25/1 1931

Snö kjøkkin. Eg fekk köyre fra
skrotta ned paa landkallen til kl
var 13 eg tykte daa at eg hadde ikkje
meir ~~tid~~ tid aa gjera fleire vende i
tok difor ein liten skrott paa sleden
og sette full fart paa Jostein eller
retten sakt etter retning. han hadde
no ikkje inne Treibåga og eg var ikkje
komen meir ein eit lite stykke forbi
austre brattneringen daa kaven kom
for alvor. Tori vart daarlegare for
kvart skrit eg nerma meg Jostein
og kaven rettare til slutt saag eg



verken leid eller veid eg vitte ikkje
anna raad enn eg grov meg ei snö
hole og velte sleden atover holen og kraup
i sove posen

Maandag 26/1 1931

Snökave. Lit fröstig med det same
kraup eg ut av posen kl 9 det hadde snöa
umlag ein kne snö, men eg tykte det var
ikkje lenger at skjekkeleg ~~—~~ 2 km rekne eg det
til, enn at eg maatte pröva, men aa taka
heile skrotten var ikkje tale um, dette kan
difor i ho sette den eine uppaa ei snö-
tue for di han skulde vera beire aa finna
at, Den andre surra eg paa sleden og starta
langsmed landkallen det gjekk syrgjeleg seint
og hundane greidde til slutt ikkje fylgje meg
eg slo daa eit tog at i sleden og spannin
i belte mit og drog ilag med hundane
paa den maaten stappa me videre. kaven
vart rettare no og eg kom i villede med
rettninga, men eg forsette no alikevel

og etter femtiaa mans fekk eg endeleg auga
paa noko svart frammi kaaen eg var
sikker paa etter tiki, at det var huset
men eg vart ikkje mindre forbausa og for-
banna daa eg saag at det var den halve
skrotten som eg hadde sett fraa meg
um morgonen, eg hefte fram paa.
Svolten og trøytt som eg var sat eg lenge
paa sleden og tenkte over kva eg skulde
gjera. Til aa krypa i soveposen var eg ikkje
trøytta paa, og til ein ny freistnad var berre
til aa utanne seg skjikkeleg. Men no kom
forsynet meg til hjelp det tok til aa klarna
uppe og maanen titta fram og til slutt fekk
eg sjaa umridtsa av fjella, moket vakt
betydeleg no og eg starta for andre gong
Det gjekk bra ei god stund, me eg greidde
ikkje aa draga ilag med hundane
eg hadde fullstendikt nok med meg
sjølv, det var ikkje anna aa gjera eg
maatte hive av resten kjøtet, men



hundane greidde ikkje fylgja meg
med tome sleden gjekk difor i fraa, dei
tenkte at dei kunne pjuske med det, dei
hadde no skiloidi aa gaa etter, ågende-
leg kl 18 naadde eg huset. Eg kokte kaffi
og aat eit skogamaal strekte meg ein
time, men hundane kom ikkje, eg maatte
snu etter dei. Dei hadde gjit seg paa det
og lagt seg ned der eg forlet dei, det vart
lettare for dei no naar skiloidi vart uppe-
gaadde fleire gonge og kl 21 var eg i hus
at.

Tysdag 27/1 1931

Klart fint ver. Eg var attende
og henta kjøtet som eg kivde av i
gaar, vegen var brat idag hin hadde
frosetil so eg køyrde heile-skrotten
nokkso lett. Etter middag tok eg til
vage veg mot hovedstasjonen, for-
skulde eg faa med kjøtet so maatte
eg lage veg fyrst, men heldigvis

so er det berre umlag 2 km og daa vert föret bra og det viste seg idag og etter aa ha gaat i tvo timar kom eg igjenom snöbelte og föri vart svart god. snudde daa til Jostein att, og hakka vegen endaa betre til

Onsdag 28/1 1931

Snökjukkne ingen vind.
Starta fraa Jostein kl 9 og kom til hovedstasjonen kl 17 föri var tolleg bra eg fekk ein kvit rev idag. Paa hovedstasjonen er alt med det gamle berre ein av tittusan hadde fumm paa og daudamedan eg har vore vekk. Karlstak har faat fire rev der av tvo blaa Ja det er godt aa koma seg heim att aa faa lit god mat i livet, eg er nesten like slank som ei lilje.



Torsdag 29/1 1931

Lit kjukkne klaarna av utpaa dagen eg har vore frammi Kolledalen og sett etter reidskapin mine der idag ingen fangst diverre Karlstak har vore kokk

Fredag 30/1 1931

Snökjukkne ingen vind, Var ein sving utpaa Nordneset og sette uppe eit par folle idag ingen fangst, ellers har eg vore kokk, Karlstak for i terrenget idag men kom att ikveld fordi han treffte somnykji snö paa halvvegen ingen fangst, ellers med det gamle.

Laurdag 31/1 1931

Snökjukkne klaarna av mot kvelden. Var ein tur burt i tömmerbukta og saag etter ei foll som eg ikkje har sett etter sidan fyre jol eg fann henne ikkje, ho var nede i snöen. Karlstak har vore frammi

-syedalen og sitte upp eit par folle
og saag etter dei som han her den
fraa för ellers her han vore kokk

Sundag 1/2 1931

Klaar-ver Fint maanskin
ikveld, Flev vore kokk, ellers her me
helde oss roleg

Maandag 2/2 1931

Over-skyet, Me her tekje veden
med ro, eg her smida nokkre folle-
pinna det er alt. Karlsbakk her vore
kokk og baker Og so her me hög-
tida gebûrsdagen ~~med~~ minn ein dram
eg fyller neimleg 28 idag

Tyrsdag 3/2 1931

Snökjökkne litt mot kvelden
vart det kuling fraa Nord. Eg var
paa veg til Jostein idag, men daa
eg var komen til Lavindalen tok
det til aa blaasa difor snudde eg
heim att,



Tre rav fekk eg idag, tvo blaa og ein
kvit, Karlsbak her vore ûtet til Jo-
-stein neset, men ingen fangst idag

Onsdag 4/2 - 1931

Vinden Skilna av inatt
idag her det pjaska og snöa litt
klaarna upp ûtpaa dagen.
Karlsbakk her vore kokk, eg her flott
ein rav ellers er det heime inderski
me fordrive tidi med

Torsdag 5/2 1931

Klaar ver og vinstille. Karlsbak
for i terrenget idag Eg her flaat tvo
rava og skrapa den som eg flaadde
igaar, Dagane lengjest fort no og soli
skin lenger ned i fjelltoppane for
kvar dag som gjeng, og snart faar me
vel ein glytt av heime, og velkoma
skal ho vera, eg synest det er nesten ein
liten evighet sidan siste gongen me
saag henne fyre jol

Fredag 6/2 1931

Kuling paa Vest, Eg her guska med lit heima indushi skrapa rev imni millom, det er lange dage naar ein er heima aaleine. Karlsbak her alle hundane, det er mykje selskap i dei.

Laurdag 7/2 ———

Fint ver. Karlsbak kom ikkje att idag tredje dagen som vanleg, det maa vera eit kvort han tegst med, mykje bjørn eller eit stort reve lass.

Sundag 8/2 1931

Klaarver. Karlsbakk kom att idag fangsten var ein rev, mykje av redskapi hans var nedesnöa og ein rev hadde bjørnen gjort kal paa. Idag hadde me ein liten glytt av soli



Maandag 9/2 1931

Overskyet vindstille. her vore Kokk Karlsbak var i Öyedalen og saag etter redskap men ingen fangst. elles med det gamle. Me her tenkt oss til Mastersvik i morgon etter kvar sitt kjöt lass, men veiret ser akkurat ikkje lovande ut, kanhende det er snö som trykkji

Tysedag 10/2 1931

Overskyet klaarnu av utpaa dagen. Me köyrde fraa Hovedstasjonen Kl 9 kom til posten kl 15 Föri her er som sist, men vegen som eg vaga sist eg var her er ikkje heilt attføken so det er ikkje paa det verste heller. Ingen fangst.

Onsdag 11/2 1931

Over-skyet. Me her vore til Mastersvik etter kvar sitt lass kjöt som utagen tor skrotta og kom til posten att kl 16.

Torsdag 12/2 1931

Snøkjukken. svak vestleg vind Köyrde fraa Jostein kl 9 kom til hovedstasjonen kl 15. Ingen fangst

Fredag 13/2 1931

Snøkjukken. ellers bra ver har vore koka og bakar idag. Karlsbakk har sett bindinga paa nye skiene sine dei gamle var ikkje paasettjande lenger ellers med det gamle.

Laurdag 14/2 1931

Det har fjauka og snöa litt idag Karlsbak har vore kokk og var ein tur innover brinkane idag det er alt eg har gjort.

Sundag 15/2 1931

